


**SPRE KUNNSKAP - GI LIV!**



# **NYHETSBREV**

**Sommeren 2018**

**NORSahel**

[WWW.Norsahel.no](http://WWW.Norsahel.no)



# A safe birth needs a safe pair of hands

Bildet er fra ein fødsel på Kati sjukehus i Mali der prosjektet arbeider. Den nyfødte er akkurat blitt gjeven til mora si av jordmora med to trygge hender

## RESULTAT I PROSJEKTET NYFØDD

Våren 2018 har prosjektet nyfødd, som NorSahel har gjennomført i Mali, vore under lupa for både forsking og ei større evaluering. NorSahel har i løpet av 2,5 år hatt stor aktivitet i Mali og lært opp 1000 jordmødre, legar og jordmorstudentar i over 70 helsecentre(klinikkar) og 3 sjukehus i Koulikoro regionen i Mali.

Desse dekkjer over 1,2 millionar innbyggjarar. Lege og forskar Mari Innerdal har saman med maliske legar og norske legar, nyleg skrive ein forskingsartikkel som undersøkjer tall frå prosjektmrådet. Mari har i artikkelen arbeidd med tall på nyfødt-død og dødfødt før og etter at prosjektet HBB vart gjennomført. Tala viser svært gode resultat og at dødelegheita blant dei nyfødde har gått ned der prosjektet har drive opplæring og i området som blei forska på med heile 60 % første året. Andre året har tala gått litt ned og holdt seg på lågt nivå. Dette er gode tal og det viser at prosjektet nyttar.

Det er ganske unikt at vi kan dokumentere resultat ved forsking. NorSahel er resultatfokusert, vi ynskjer å gjere ein skilnad og vi ynskjer å redde fleire liv. Forskinga viser nettopp dette. Artikkelen til Mari vil snart bli publisert i eit anerkjent tidsfrift. vi ynskjer å redde fleire liv. Forskinga viser at prosjektet har verknad og nyfødde blir redda. Artikkelen til Mari vil snart bli publisert i eit anerkjent tidsfrift.

## HBB GIR TRYGGE HENDER

Vi held fram arbeidet i Mali og vil trappe opp innsatsen inn mot både jordmødrer og jordmor-studentar. Dei minste og svakaste i Mali treng ved fødsel «a safe pair of hands» (to trygge hender). Det er det prosjektet til NorSahel dreiar seg om. Vi vil hjelpe dei mange jordmødrer ute i landsbyane i Mali med å gje nyfødde to trygge hendar, i dei første minuttet etter fødsel, slik at jordmødrene kan berge fleire liv. Vi ynskjer fleire med oss i dette!



INFSS, Bamako Mali 13 april 2018. Det første kullet med lærere vedjordmor høgskulen INFSS får sine diplomar for gjennomført 3 dagar opplæring i metoden HBB(Nyfødd gjenoppliving) som NorSahel har organisert på skulen



NorSahel si jordmor og prosjektkoordinator Korumba Traoure t. h Sammen med stedlig respresentant i Mali Etienne Dembele.

## EIN TRYGG FØDSEL HAR BEHOV FOR TO TRYGGE HENDER!

I Mali har vi nyleg feira den internasjonale dagen for jordmødrer. Temaet for dagen var: «A safe birth needs a safe pair of hands», oversatt: To trygge hender er nødvendig for ein trygg fødsel. NorSahel, ved jordmor i prosjektet vårt Koumba(sjå biletet til venstre), feira dagen saman med nokre av dei jordmødrene NorSahel har gitt opplæring i metoden HBB (nyfødt gjenoppliving) og saman med vår samarbeidspartner Unicef. NorSahel vil setje fokus på jordmødrene sitt daglige virke og hjelpe dei og andre fødselshjelperar.

NorSahel har våren 2018 nådd ein viktig milepål med at 1000 jordmødre og jordmorstudentar har fått opplæring i HBB. Resultatet i prosjektet har også blitt dokumentert ved forskning og viser at prosjektet utgjer ein skilnad og reddar liv!




Ei av jordmor-studentene ved Kati helsefagskole der NorSahel arbeider. Studenten er alene mor og kan heldigvis ha med seg barnet sitt på skolen. Hun takker NorSahel for prosjektet som har kommet til skolen.

## NORSAHEL HAR INNGÅDD SAMARBEID MED DEN STØRSTE JORDMORHØGSKULEN I MALI

NorSahel inndeier samarbeid med den største og einaste offentlege høgskule for sjukepleie og jordmorstudier i Mali, INFSS! Samarbeidet er nedfelt i ein avtalt om opplæring innan HBB 2, Helping Babies Breathe. Avtala vart underteikna i april 2018. INFSS ynskjer å bruka NorSahel sine ekspertar til å få innføring og bruka opplæringsutstyr og hjelpe midla NorSahel har utvikla. Dei vil etter kvart sjølv vera i stand til å foreta opplæringa av studentane etter å ha fått opplæring og innføring i metoden. Denne avtala har NorSahel arbeidd med over tid for å styrkja samarbeidet med helsefagskolar i Mali.

Det var òg avgjerande for avtala at NorSahel arbeider i tett samarbeid med forsking og ei ekspertgruppe og at prosjektet er knytt til Universitetet i Oslo. INFSS er knytt til Universitet i Bamako og har avdelingar i fleire større regionar i Mali. No nyleg kom skulen med ein henstilling om at alle studentane ved skulen (også sjukepleiarar etc.) skulle få same opplæring innan nyfødt gjenoppliving og HBB som jordmorstudentane allereie har fått no i april. Dette tyder i såg fall at fleire hundre elevar vil få innføring i metoden.



## ØYVIND TVEIT NY STYRELEIAR I NORSAHEL

Øyvind Tveit blei på NorSahel sitt årsmøte valt til ny leiar etter Øyvind Hope, som etter 4 år som leiar bad om avlastning frå posisjonen.

Øyvind Tveit er utdanna lærar og har ein allsidig yrkesbakgrunn. Han har vore ordførar i 12 år i Nissedal kommune ved sida av å inneha ei rekke verv i ulike styre i næringsliv og offentlege institusjonar. Øyvind har også ved to høve besøkt Mali og ivra for landet i mange år. Øyvind har vore med i styret til NorSahel frå starten av. NorSahel er svært glade for at Øyvind Tveit tek på seg denne viktige oppgåva for organisasjonen.

## MARI INNERDAL INN I STYRET I NORSAHEL

Lege og forskar Mari Innerdal er vald som ny medlem av styret til NorSahel! Dette betyr at NorSahel får god fagleg ekspertise inn i styret. Ved sida av å være utdanna lege, har Mari Innerdal gjennomført internasjonale studiar ved Universitetet i Oslo. Mari brenn for å hjelpe Mali og betre helseituasjonen der. Mari er også medlem av ekspertgruppa for NorSahel sitt nyfødt og HBB prosjekt i Mali og har mange gonger deltatt og halde foredrag under opplæring av våre maliske partnerar i Dakar, Senegal.



## TALET PÅ JENTER SOM TEK GRUNNSKULEEKSAMEN PÅ REKORDNIVÅ I TAMBAGA OG KOKOFATA

No i juni 2018 har det vorte avhaldta avsluttande eksamen ved ungdomskulane i Tambaga og Kokofata, der prosjektet sykkel for ungdom-skule jenter arbeider. Dette er ei nasjonal prøve for dei som er ferdig med 9ende(tilsvarende 10 ende i Noreg). Talet på jenter som går opp til denne eksamenen er i år på eit rekordhøgt nivå i Tambaga og Kokofata! I Tambaga er 67 av i alt 150 elevar jenter. I Kokofata er 38 av 81 jenter. Dette gir ein prosentdel på 45% i Tambaga og 47% i Kokofata.

For Kokofata var delen jenter som fullførde ungdomskula såg låg som 9% berre for 2 år sidan i 2016 . NorSahel starta arbeid ved denne ungdomskula i 2015 . NorSahel har i perioden sidan 2013 gjeve over 350 syklar. Prosjektet er underlagt eit klårt regelverk ein kan lesa meir om her:  
<http://norsahel.no/regelverk/> . Hovudmålet for dette prosjektet har vore at fleire jenter skal fullføra ungdomskula og prosjektet vert driven i samarbeid med kommunane Tambaga og Kokofata og skuleleiinga ved dei to ungdom skulane som til saman har over 600 elevar.

Støtt oss:  
15556  
**Vipps**  
by DNB

NorSahel arbeider for å redusere  
spebarnsdødelighet i Mali

**NORSahel**

#### INSPIRERANDE GÅVER!

#### TO 50 ÅR GAV OVER 40 000 NOK!

I mars feira Anita Haugstad Haugsjå og Rannveig Rugland Haugstad sine 50 årsdagar. Dei to bursdagsborna tok ikkje imot gåver sjølv, men samla i staden inn pengar til NorSahel sitt nyfødt-prosjekt i Mali. Til saman kom det inn over 40 000 på desse to feiringane. Og det er eit fantastisk resultat! NorSahel takkar for støtta.

#### VIL DU VERTA FAST GIVAR? FAST GIVERTJENESTE NORSAHEL

NorSahel treng meir forutsigbare inntekter over tid slik at vi kan nå enno lenger med å gje nyfødde trygge hender og hjelpe ungdomskolejenter til å gå på skule. NorSahel har nyleg fått nokon fleire fasta givere men ynskjer fleire slik at vi kan planleggja langsiktig. Den viktigaste partnaren vår Kavlifondet, som er den viktigaste støttespelaren vår, ynskjer òg at NorSahel har fleire faste givere. Ein fast givar må gjerne støtte eit øremerkt prosjekt eller støtte arbeidet i Mali generelt.

Tre alternativ å merka midlane:

1. NorSahel sitt arbeid.
2. Nyfødt prosjekt.
3. Sykkelprosjektet.

#### Slik er ein måte du kan verta fast givar:

Skriv ein e-post til post@norsahel.no der du skriv at du ynskjer å verta fast givar med namn og adresse. NorSahel opprettar en fast avtale med deg med Avtalegiro.



**SPRE KUNNSKAP - GI LIV!**

**Giverkonto  
2801.32.59889**

merk Nyfødt eller Sykkel

**15556  
Vipps**  
by DNB

Vipps 15556 el. søk Norsahel MERK Nyfødt Mali

[www.Norsahel.no](http://www.Norsahel.no)



**Nyfødd-prosjektet**



**Sykkel-prosjektet**



**UiO : Det medisinske fakultet**



# SPRE KUNNSKAP - GI LIV!



[WWW.Norsahel.no](http://WWW.Norsahel.no)